



Notat

Dato: 17.06.2014
Arkivsak: 2014/560-78
Saksbehandlar: vibnym

Til: Ungdommens fylkesutval v/ Vegard Kleppe og Emma Franck-Gwinnell

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på pc-ordninga for TAF-elevar

Opplæringsavdelinga har teikna 3 års garanti og uhellsforsikring for elevmaskinene som er eigd av HFK.

Ordninga med HFK-eigde elevmaskiner fasast ut med innføring av privateigde maskiner. For elevar på TAF vil ordninga med fylkeseigde maskiner vere avslutta hausten 2016. Elevar på TAF som i dag har fylkeseigd maskin vil ha garanti for maskina også det 4. året gjennom skulen. Det betyr at skulen kan syte for lånemaskin dersom maskina må til reparasjon. Så lenge skaden på maskina ville blitt dekket av vilkåra for garanti eller uhellsforsikring, vil fylket ta kostnaden for reparasjon 4. skuleår for elevar på TAF. Ofte blir dette gjort av autoriserte IKT-konsulentar på skulen.

Dette gjeld for dei elevane som i dag går 2., 3. eller 4. året. For dei som starta på Vg1 inneverande skuleår er det ny ordning med privateigde maskiner som gjeld.